



Arkivsak 200908396-2
Arkivnr. 313
Saksh. Døskeland, Inge

Saksgang

Fylkesutvalet

Møtedato

18.11.2009 - 19.11.2009

**HØYRING - FORSLAG OM ETABLERING AV INTER - REGIONALT
BIOMASSETAK FOR VERKSEMDER SOM VIDAREFOREDLAR EIN
VESENTLEG DEL AV EIGEN OPPDRETTSFISK**


SAMANDRAG


Løyve til havbruk med matfisk av laks, aure og regnbogeare blir fordelt geografisk, og knytt til éin av Fiskeridirektoratet sine regionar. Fiskeri- og kystdepartementet foreslår at utøvarar i oppdrettsnæringa no kan søkje om at produksjonskapasiteten vert vurdert på tvers av Fiskeridirektoratet sine tilgrensande regionar. Ordninga gjeld dei som vidareforedlar ein vesentleg del av den fisken som blir oppdretta i innehavaren si eiga verksemd.

Høyringsfristen er sett til 18. november 2009.

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at det vert opna for regionalt biomassetak som gjer auka fleksibilitet og positive ringverknader for så vel samfunn og verksemder
2. Hordaland fylkeskommune ynskjer at næringa sine organisasjonar vert trekt inn for å vurdere bearbeidingsgrad og grad av vidareforedling som basis for kva verksemder som kjem inn under ordninga


Paul. M. Nilsen


Jan Per Styve

Vedlegg:
Høyringsbrev

1. Bakgrunn

Løyve til havbruk med matfisk av laks, aure og regnbogeaure blir fordelt geografisk, og knytt til éin av Fiskeridirektoratet sine regionar. Hordaland er del av Fiskeridirektoratet region Vest som omfattar Hordaland og Sogn og Fjordane.

Forskrifta foreslår at ”oppdrettsselskap etter søknad til Fiskeridirektoratets regionkontor i den regionen der selskapet har størstedelen av sin oppdrettsvirksomhet, innvilges et inter-regionalt biomassetak. Biomassetaket omfattar tillatt biomasse etter alle tillatelsar av samme type og samme art tilhørende søker innanfor to av Fiskeridirektoratets regioner.” .

Departementet foreslår at vidareforedling inneber filetering eller høgre bearbeidingsgrad, og at den delen av verksemda sin biomasse som blir vidareforedla må vere 50 % eller høgre.

2. Drøfting

Forbod mot flytting av produksjonskapasitet over regiongrensar har vore strengt praktisert. I Hordaland har dette hatt urimeleg negative konsekvensar for verksemdar med produksjonslokalitetar i både Hordaland og Rogaland. Endringa vil gi auka fleksibilitet som kan bidra til at verksemdar med vidareforedling lettare kan tilby fisk gjennom heile året samtidig som det kan stimulere til meir lokal bearbeiding. Dette kan bidra til auka sysselsetjing og sikre eksisterande arbeidsplassar i distrikta.

Departementet si vurdering av ”vidareforedling” er detaljert og knytt opp mot bearbeidingsgrad som må vere filetering eller meir, og at minst halvparten av verksemda si biomasse må vere inkludert i vidareforedlinga. Det er ynskjeleg at det ikkje vert fastsett definisjonar som er til unødig hinder for vidareforedling og verdiskaping. Omsynet til samfunn og verksemdar vert i denne samanhengen vurdert som viktig i høve til streng tolking av administrative grensar. For å sikre at regelverket vert best mogleg tilpassa utfordringane som ligg i grenseområda, er det ynskjeleg at næringa og deira organisasjonar vert rådført og tillagt vekt i utforminga av forskrifta.



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200908396
Arkivnr. 313
Sakshandsamar Døskeland, Inge

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	18.11.09	284/09

HØYRING - FORSLAG OM ETABLERING AV INTER - REGIONALT BIOMASSETAK FOR VERKSEMDER SOM VIDAREFOEDLAR EIN VESENTLEG DEL AV EIGEN OPPDRETTSFISK

Fylkesutvalet 18.11.09

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at det vert opna for regionalt biomassetak som gjer auka fleksibilitet og positive ringverknader for så vel samfunn og verksemder.
2. Hordaland fylkeskommune ynskjer at næringa sine organisasjonar vert trekte inn for å vurdere bearbeidingsgrad og grad av vidareforedling som basis for kva verksemder som kjem inn under ordninga.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 23. november 2009

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND
Mildrid Bertelsen